

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Løken

Emne: Drikk til meiken.

Bygdelag:

Oppskr. av: Aksel Andersson,

Gard:

(adresse): Adalobruk

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Mjølke har vore nytta i hushaldet i ulik men i dei nyvare slag heimar. På gardane gjekk det ikkje so reint lite mjølke attåt den daglege grauten (god mjølke) og til velling (skeuma mjølke) frå gamalt. Etter det vart vanleg å seija mjølke til meieriet, kneip nok husmødrene ein på mjølkebreket heime, og då kaffien vart meir og meir innang, minke det med å bruke mjølke til drikk. Likeins kan ein seija det gjekk attåt med mjølkeforbruket på dei små bruk og i husmannsheimane. Det var kaffien som kom inn. Tidleg var det so der dei ikkje hadde kyr sjølv; det kom den tida det går segn um dei folk hadde på "kjøkkake, sirup, margarin og kaffi". No til dag derimot ser det ut til at mest alle held det for gjøvt å bruke mjølke. Dei som ikkje har høve til å hente kor i sige fjøs, går til meieriet eller andre utoal. Trillaust har skolen på mjølke i krigsare hjelp til å setja

skot i ettersjurnaden.

2.

B.

Noko dei kalla mjølkdrekke av tjukk-
mjølk og vatn har vore brukt til leste-
drykk; men ikkje so mykje ublanda
mjølk, sejer Kari Storsveen (f. 1857).

3.

Umfraan dette mjølkdrekket hadde
dei kjinnmjølk (saupe) og skurna mjølk.
Og i slåttonna var det vanleg å laga
mösmör drikke av surmösmör og vatn.
Det er elles ikkje avlagt emne. Kjinn-
mjølk og skurna mjølk kjøper folk
mykje av når dei ber lagley til ved
mjølkensal; dei brukar ikkje denne
mjølka berre til grant, velling og i bröd,
men drikk ho til måken morgon og
kveld. (På gardane som sender mjølk
til meieriet og ofte for mykje skurna-
mjølk attende, nyttar dei denne mjøl-
ka til dyra; men det er dome på at
det finst stader der dei med til dei
siste åra har brukt ho i folkehushel-
set jamvel attåt diegudsgranten.) *)

4.

B.

B.

H.

Ol drakk dei av karne og brukte
ikkje glas den tid Kari Storsveen var
ung. Heimebryggja öl som kvardags-
drykk går i alle fell attende til 1870-
80-åra, då både Kari St., Olava Thingstad,
(f. 1869) og Johan Adalen (f. 1868) hegsar
at sirupsöl eller maltöl vart drukke
til granten. Det kunne ölet har vore
kalla spässöl (på Ringsetu). („Spässel-
kapp“, eit skjellsord.)

*) Sjå dessutan eit tillegg um bröstmjølk s. 5.

5.

Kaffi er kjend so langt attende som folk hegsar.. Men kan vert blanda med tilsett, gjerne erker^{*)}. I gravøl og andre gilde nytta dei venteleg jamt reine kaffien. I 1870-åra var det ikkje brukt kaffi til kvardags der Johan A-dalen var kjend. Brennvinndram kunn me det vera i skaden.

6.

Kring 1890 kan ein kanskje seija at det var vanleg med kaffi kvar dag; men det er vanskeleg å seija noko visst.

7.

Den matskibben er fast frå dag til dag, som t. d. på ein gard, kan ein rekna med kaffi minst 3 gonger dag-les: Fyre arbeidet tek til um morgonen, kaffi etter dugurdm og etter middagen. Fyremiddagskaffi og kveldskaffi i tillegg til dette er unntak og høyrer ikkje med i det vanlege goddhuschalde.

8.

Grovmalen kaffi i kokande eller kaldt vatn vert nytta etter som det høver. Trakta kaffi (~~tekk~~ kaffi) er rekna for den beste, men fell dyr. Summe har salt i (sejje at kaffismaken kjem betre fram); men det er ikkje mange; i det heile har det vorte mein slutt med å ha noko klaringsemne i kaffien. Klaringsskinn av sverrfisk har vore mest brukt for. Og so er det dei som rører rått egg (utan skallet) upp i den malne kaffien, for han kjem på kjelen; men det er til selskapsbruk.

*) Eller turka deig av rugmjøl, kalla knupp.

Å spå i grut (grudd) anna enn på spåk er ukjent. Ein svingar med kaffikoppen og kvulver han over skåla. Av figurar som gruten har laga på innsida av koppen kan ein so freista å å finna ut noko med å la fantasien til hjelp.

9.

Folk flest vil ha sukker til kaffien. Kokt sukker er djugare enn raffinaden og har vore mykje brukt både før og no. I gamle dagar kokte folk somme tider kaffisukkeret sitt sjølv, av puddersukker eller farin. Eller kjøpte dei sukkerkoppar og hogg av bitar av dei. Det kokte sukkeret klypte dei egg med sukkersaks. Kandi og brunsukker kjøpte dei helst til borna som sekkerty.

10.

Fløyte i kaffien er det dei fleste som bruker. Vanleg mjølk vil dei helst slappa; men elles ser det ut ^{at} at helst på dei som vil ha svart kaffi, sukker. Ost eller vispe egg i kaffien er ukjent (sjå elles pkt. 8).

11.

Kjøpene er det ikkje mange som bruker til kvardags. Men salverte av eigen avl var det vanleg å ha før, helst då mot krimsykje. I skaden for ekte te er det ein og annan som har brukt solberblad eller tyteberblad.

12.

Brennevin saman med erterbrød har

vore vanleg til fyrste morgonrett og til
eftasverd eingong. Tinkane som dei fekk
drummen i, finst enno att sume stader,
men det må vere snart hundre år sidan
I Krøstinga kunne arbeidsfolket feidram,
fortel Kari Storsveen; men "Kulken" på
Gausstad i Romedal brukte å seja når han
kom med brennevinet, at dei som ikkje
ville ha, fekk "blister".

13.

Nyare drykk som kjøpeøl, vorterøl,
selters, brus og andre sortar gjer det
mykje av seumerstid der det er stutt
veg til kromeren. Men kvardagsdrykk
kan ein ikkje seja det er. Det er mest
born som kjøper. Der dei har eple som
høver til pressjuft, for dei laga saft
som dei blandar ut med vatn og drikk
aståt middagsmaten, eller når det elles
høver.

Tillegg um breste mjølk.

Til "matbysi" eller når det er spurs-
omål um å få noko varmt i livet, kan
ein få kott mjølk som er "bresta" med
sur mjølk eller eddik, so ho ostar seg.
Det er helst til kvelds ein for denne dryk-
ken. Kan vert hella öl-ost og, av di
det kan brukast öl til å bresta mjølka;
men det er ingen som hugsar at folk har
brukt det på den måten på desse kantar
(heller ikkje på Ringaker).

B.